

Dato:

Manger: 18.5.2015

Vedtekter for Radøy ungdomsråd

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

- a. Radøy ungdomsråd er eit vald organ med oppgåve å ivareta interessene til barn og ungdom i Radøy kommune
- b. Føremålet med Radøy ungdomsråd er m.a. å
 - ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen
 - vera orientert om viktige saker i kommunen
 - vera høyrings-/rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem dei unge sitt barne- og oppvekstmiljø
 - vera pådrivar for det frivillige og offentlege barne- og ungdomsarbeidet i kommunen
- c. Oppgåvene til Radøy ungdomsråd er m.a. å arbeida for
 - meir allsidig kultur- og idrettstilbod
 - etablering av møteplassar for ungdom
 - etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar
 - rusførebyggjande tiltak
 - betre tilhøve for mjuke trafikantar
 - at barn og unge sine interesser vert ivaretatt i kommunalt planarbeid
- d. Radøy ungdomsråd får budsjettmidlar på eigen post i kommunebudsjettet og har delegert vedtaksrett for egne budsjettmidlar.
- e. Leiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

Radøy ungdomsråd vert vald i august-september med representantar for:

- a. Ein representant for kvar klasse på ungdomsskulesteget med vararepresentant av motsett kjønn. Minst 40 % av kvart kjønn. Vala skjer i kvar klasse. For representantar i 8 og 9.klasse gjeld vervet for eit år. For representantar frå 10.klassen gjeld vervet for to år. Representantar frå 10 klassen som ynskjer det, kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.
- b. Seks representantar for aldersgruppa 16-19 år. Alle lag, organisasjonar og andre som driv med aktivitet for barn og unge i denne aldersgruppa, kan koma med framlegg på representantar. Formannskapet oppnemner representantane for to år om gongen. Minst 40 % av kvart kjønn. Representantane kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.
- c. Alle skulekretsar må vera representert i Radøy ungdomsråd.

- d. Radøy ungdomsråd konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Leiar har dobbelrøyst dersom det er likt røystetal i ei sak.
- e. Radøy ungdomsråd får høve til å stilla med 2 representantar som har talerett og rett til høyring i kommunestyret, formannskapet og hovudutvalet i saker som Radøy ungdomsråd har gjeve skriftleg uttale i.

§ 3 Kontaktperson

Rådmannen oppnemner kontaktperson frå administrasjonen og tildeler høveleg kontor/lokale til rådet. Kontaktpersonen sine oppgåver er å

- hjelpa til ved val
- vera kasserar i Radøy ungdomsråd
- hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontakt med kommunale organ
- ha ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet
- ha ansvar for opplæring og informasjon til rådet.

§ 4 Møteverksemd

- a. Radøy ungdomsråd har møte minst 2 gonger kvart semester, men elles så ofte det er behov. Møta er opne. Arbeidsutvalet har møte etter behov.
- b. Innkalling til møta med sakliste skjer frå Radøy ungdomsråd sin leiar i samarbeid med sekretær, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/sekretær i god tid før møtet. Ungdomsrådet kan fritt fremja dei sakene dei er opptekne av.
- c. Ungdomsrådet kan kalla inn ordførar, rådmann eller andre i administrasjonen til møta.
- d. Barnas representant i planutvalet og (dagleg) leiar for kommunal ungdoms-/fritidsklubb har møterett i ungdomsrådet.
- e. Dagsorden for møta
 - Godkjenning av innkalling og sakliste
 - Statusrapport ved leiar og kontaktperson
 - Handsaming av sakene
 - Ymse
- f. Radøy ungdomsråd skal kvart år utarbeida ei kortfatta årsmelding.
- f. Kommunen dekkjer reiseutgiftene i samband med møte i Radøy ungdomsråd.

§ 5 Opplæring/Informasjon

Kontaktpersonen har ansvar for nødvendig informasjon/opplæring om ungdomsrådet i elevråd/ ungdomsskuleklassar, i fritidsklubben og til ungdomsorganisasjonar. Det skal særleg leggjast vekt på opplæring/informasjon om demokrati/beslutningsprosessar, samt innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang. Ungdomsrådet kan nytta kommunen si heimesida og facebookside som informasjonsorgan.

§ 6 Endring av vedtektene

Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet og kommunestyret innan 4 år.